

**PROTOKOLL****Møte i Representantskapet Region Nordhordland Helsehus IKS****Møte: 1/2014****Tid: Fredag 12. desember kl. 11:00 – 11:40****Stad: Alver hotel****Til stades:**

Ordfører:	Jon Askeland, Nils Marton Aadland, Per Lerøy, Astrid A. Byrknes, Karstein Totland, Hallvard Oppedal, Kristin Handeland, Knut Mo, Jarle Skeidsvoll (vara for Kari Aakre)
Rådmenn:	Ørjan Forthun Raknes, Reidun Halland (frå sak 5/14), Ingvild Hjelmtveit (frå sak 7/14)
NUI:	Rune Heradstveit, Håkon Matre (valt styreleiar nytt selskap - frå sak 7/14)
Forfall:	Kari Aakre, Jan Olav Osen, Svein Helge Hofslundsengen, Odd Ivar Øvregård, Ingvild Hjelmtveit, Vidar Bråthen, Øivind Olsnes, Jarle Landås

<b>Sak 1/14</b>	<b>Val av møteleiar og to representantar i tillegg til møteleiar for underskriving av protokoll</b>  <b>Samrøystes vedtak:</b> <ul style="list-style-type: none"><li>▪ Jon Askeland vart valt til møteleiar</li><li>▪ Kristin Handeland og Hallvard Oppedal valt til å skriva under protokoll i tillegg til leiar.</li></ul>
<b>Sak 2/14</b>	<b>Godkjenning møteinnkalling og sakliste</b>  <b>Samrøystes vedtak:</b> <ul style="list-style-type: none"><li>▪ Møteinnkalling og sakliste vart godkjent.</li></ul>
<b>Sak 3/14</b>	<b>Konstituering av representantskapet – val av leiar og nestleiar</b>  <b>Samrøystes vedtak:</b> <ul style="list-style-type: none"><li>▪ Jon Askeland vart valt til leiar i Representantskapet. Kari Foseid Aakre vart valt til nestleiar i Representantskapet.</li></ul>
<b>Sak 4/14</b>	<b>Val av styremedlem og varamedlemmer til styret for 2015-2016. Val av leiar og nestleiar</b> Astrid Aarhus Byrknes foreslo Anne-Grete Strøm-Erichsen som nestleiar til styret.  <b>Samrøystes vedtak</b> <ul style="list-style-type: none"><li>▪ Håkon Matre, Torbjørn Nævdal og Anne-Grete Strøm-Erichsen vart valt til styremedlem for 2015-2016. Steinar Hunskaar og Rita Tveiten vart valt til varamedlemmer til styret for 2015-2016.</li><li>▪ Håkon Matre vart valt leiar i styret. Anne-Grete Strøm-Erichsen vart valt til nestleiar i styret.</li><li>▪ I kommunestyrehandsaminga av selskapsavtalen for Region Nordhordland Helsehus IKS påpeika fleire kommunestyre at styret burde bestå av 5 medlemmer og 2 vara medlemmer for å sikra breidde med omsyn til både representasjon og kompetanse. Inntil ein revisjon av selskapsavtalen vert gjort, ber Representantskapet om at dei to vara medlemmene deltek fullverdig i styret for å sikra breiast mogeleg kompetanse, men utan stemmerett.</li></ul>

Sak 5/14	<p><b>Fastsetjing av godtgjersle til Representantskapet og styret</b></p> <p><b>Samrøystes vedtak:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Honorar vert sett til kr. 0,- for leiar og nestleiar i Representantskapet.</li> <li>▪ Honorar vert sett til: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Styreleiar: kr. 50 000,-</li> <li>- Nestleiar og medlem: kr. 25 000,-</li> <li>- Vara medlem: Møtehonorar kr. 2 000,- pr. møte, når vara møter fast kr. 20 000 pr. år.</li> </ul> </li> </ul> <p>Reiseutgifter vert dekket etter statens regulativ.</p>
Sak 6/14	<p><b>Val av revisor</b></p> <p><b>Samrøystes vedtak:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Activ Revisjon DA vart valt til revisor i selskapet.</li> </ul>
Sak 7/14	<p><b>Godkjenning budsjett 2015 og økonomiplan 2016-2018 for Region Nordhordland Helsehus IKS</b></p> <p>Dagleg leiar i Nordhordland Utviklingselskap IKS la fram utkast til budsjett for 2015 og økonomiplan for 2016-2018.</p> <p><b>Samrøystes vedtak:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Representantskapet godkjenner framlegget til årsbudsjett for 2015.</li> </ul> <p>Dersom det skulle vera vesentlege endringar eller auke i utgiftene i forhold til budsjettet, ber Representantskapet styret koma tilbake med oppdatert budsjett når styret er konstituert og lån med vidare er på plass.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Representantskapet godkjenner framlegget til økonomiplan for 2016-2018.</li> </ul>
Sak 8/14	<p><b>Godkjenning av låneopptak for Region Nordhordland Helsehus IKS</b></p> <p><b>Samrøystes vedtak:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Representantskapet godkjenner at styret på vegne av Region Nordhordland Helsehus IKS kan oppta eit lån innanfor ramma på kr. 300 millionar som er gjeve i selskapsinstruksen.</li> </ul>
Sak 9/14	<p><b>Eventuelt</b></p> <p>Intet.</p>

Knarvik, 12. desember 2014



Jon Askeland  
Møteleiar Representantskapet  
Nordhordland Utviklingsselskap IKS



Kristin Handeland  
Medlem Representantskapet  
Nordhordland Utviklingsselskap IKS



Hallvard Oppedal  
Medlem Representantskapet  
Nordhordland Utviklingsselskap IKS